



Renevo AS
Postboks 1201 Heiane
5406 Stord

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, tlfnr. 55572141

Rapport frå inspeksjon ved Renevo AS

Kontrollnummer: 2023.176.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Eilef Stange

Håkon Vaage

Ingvild Koløen

Nelson Rojas

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Toril M. Mulen

Kristin Espeset

Frå Stord kommune (observatør):

Lovise Vestbøstad

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Renevo AS den 19. april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 1 og 2.

Avvik:

1. Verksemda har hatt luktutslepp som har overskride grenseverdien i løyvet og har ikkje oppdatert luktrisikovurderinga etter at anlegget vart sett i drift.
2. Internkontrollen er mangelfull.
3. Verksemda har teke imot avfall som ikkje er i tråd med løyvet.

Avvika er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.



Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Stord kommune

Postboks 304

5402

Stord



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Renevo AS	
Organisasjonsnr.: 916941552	Eigd av: 915690513
Bransjenr. (NACE-kode): 35.210	

Kontrollert eining

Namn: Renevo AS	Anleggsnr.: 4614.0125.01
Kommune: Stord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Biogassanlegg	
Løyve gitt: 30.08.2019	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft (lukt)
- Mottakskontroll
- Rammer for drift og rapportering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Renevo AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

Vi ber om at de **innan 14. juni 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Vi ser alvorleg på avvik 1 og 2 som vart avdekte i denne inspeksjonen.

Statsforvaltaren varsla i brev av 9. mars 2023 luktrisiko­vurdering, luktmåling, spre­iingsberekning og handlingsplan for tiltak skulle utarbeidast så raskt som mogleg og innan 30. september 2023. I og med at situasjonen er så uoversiktleg med omsyn til lukt, ser vi at dette må komme på plass tidlegare. Dette er også verksemda einig i. Ut frå krav i løyvet skulle undersøkingane og vurderingane nemnd over allereie vore gjort.

Luktmålingane og spre­iingsberekningane vil vise om luktutsleppa er innanfor utsleppsgrensene eller ikkje. Om målingane viser brot på utsleppsløyvet vil Statsforvaltaren vurdere å stenge mottaket av avfall til anlegget. Dette betyr at verksemda raskt må få plass dei tiltak som er nødvendige.

Statsforvaltaren vil den 14. juni 2023 komme til Renevo AS for å få ein gjennomgang av tilbakemeldinga på tilsynet inkludert ei synfaring på anlegget.

Vi vil også komme på nytt tilsyn til hausten.

4. Pålegg om granskingar

Vi viser til varsel om pålegg i brev av 9. mars 2023. Vi gir Renevo AS pålegg, og verksemda må gjere følgjande:

- A. Statsforvaltaren pålegg Renevo AS å rapportere følgjande kvar 10. i månaden, første gong 10.05.2023:
 - Talet på klager førre månad, utvikling i talet på klager
 - Kva tiltak som er gjennomført førre månad.
 - Kva undersøkingar som er gjort førre månad.

I juni 2023 er det ikkje nødvendig med ein eigen rapport då vi forutset at desse dataene frå forutgåande månad blir innarbeida i tilbakemeldinga på tilsynsrapporten.

- B. Statsforvaltaren pålegg Renevo AS ei nettside for registrering av klager på lukt innan 10.04.2023.

Nettsida blei etablert 22.03.2023.

Pålegget vert gitt med heimel i forureiningslova § 51.



Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage bør grunnleggjast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre veker etter at dette brevet er motteke.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett, jf. forvaltningslova § 42.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 12. april 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Renevo AS betale eit gebyr på kr 37 400,- for inspeksjonen. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunnleggjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden Norske Utslipp www.norskeutslipp.no.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har hatt luktutslepp som har overskride grenseverdien i løyvet og har ikkje oppdatert luktrisikovurderinga etter at anlegget vart sett i drift

Avvik frå: Løyvet av 30. august 2019 vilkår 5.2 og 5.4

Kommentarar til regelverket

Vilkår 5.2 i løyvet - utsleppsgrenser lukt

Renevo AS har desse vilkåra som gjeld luktutslepp i løyvet:

Alle avgassar og ventilasjonsluft frå produksjonen skal reinsast før utslepp til luft.



Luktemisjonar ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overskride $1 \text{ ou}_E/\text{m}^3$, angitt som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil. Dette betyr i praksis at timemiddel ikkje skal overskride terskelverdien for følbart lukt hos nabo i meir enn 7 timar per månad.

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile anlegget. Verksemda skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere om det er naudsynt å gjennomføre tiltak og eventuelt auke effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

Vilkår 5.4 i løyvet - luktrisikovurdering

Luktrisikovurderinga skal oppdaterast når anlegget er sett i drift og seinare ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold, jf. rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*.

Observasjonar

Vilkår 5.2 i løyvet - utsleppsgrenser lukt

Renevo AS har hatt store overskridingar av luktgrensa i fleire månader.

Sidan starten av januar 2023 og fram til slutten av mars har Renevo AS ikkje hatt luktreinsing fordi barkfilteret som skulle reinse lufta kollapsa. Melding frå innbyggjarane om begynnande problem med lukt kom enda tidlegare, allereie i september/oktober 2022.

I søknaden frå Renevo AS av 28. februar 2019 er det antatt ut frå tidlegare erfaring ved andre biogassanlegg at lukt generert ved anlegget ved normal drift ligg på $1500 \text{ ou}/\text{s}$. Dette gir ei lukt ved næraste nabo på $0,3 \text{ ou}_E/\text{m}^3$. Det står vidare i søknaden at dersom det ikkje er eit fungerande luktreinseanlegg vil luktutsleppet vere $50\,000 \text{ ou}/\text{s}$. Dette vil i sin tur gi store overskridingar av luktgrensene i løyvet. Det er dette som har vore situasjonen i fleire månader.

Etter at Renevo AS konstaterte at barkfilteret ikkje fungerte blei eit ionplasma-reinseanlegg bestilt. Dette vart sett i drift med alle delar omlag 1. april 2023. På grunn av ei manglande støtte på overføringleidninga for forureina lukt fram mot det nye reinseanlegget, blei det ein svai på leidninga, danning av vasslås, og tap av undertrykk fram til reinseanlegg. Resultatet blei at forureinsa luft slapp ut utanom reinseanlegget. Dette førte til nye overskridingar av luktgrensa i mesteparten av påsken i ein omkrins på fleire kilometer. Dei verste dagane i påsken mottok Renevo AS 100 klager pr dag. 11. april 2023 fann Renevo AS feilen og fekk etablert ei støtte på leidninga. Det er framleis klager på lukt. Det er ikkje dokumentert kor store luktutsleppa frå verksemda er no.

Vilkår 5.4 i løyvet - luktrisikovurdering

Verksemda har ikkje oppdatert luktrisikovurderinga etter at anlegget vart sett i drift i januar 2022. For nærare beskriving sjå avvik 2.



Avvik 2: Internkontrollen er mangelfull

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta §5 andre ledd

- Punkt 1 om kjennskap til regelverk som gjeld for drifta
- Punkt 2 om kompetanse
- Punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan
- Punkt 7 om rutinar og avvikshandtering
- Punkt 8 om overvaking og oppdatering,

Kommentarar til regelverket

Kjennskap til regelverk som gjeld for drifta – punkt 1

Verksemda skal sørge for at det regelverk som gjeld for verksemda er tilgjengeleg. Regelverk er lover, forskrifter og løyver som er gitt med heimel i lover og forskrifter. Verksemda skal ha oversikt over dei krav som er særleg viktig for verksemda. Eksempel på særleg viktige krav er vilkåra som er sett i løyvet etter forureiningslova.

Kompetanse – punkt 2

Sørge for at arbeidstakarane har tilstrekkeleg kunnskapar og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet, og ha informasjon om endringar.

Risikovurdering og handlingsplan – punkt 6

Verksemda skal kartlegge fare og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoen. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Rutinar og avvikshandtering – punkt 7

Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga.

Overvaking og oppdatering – punkt 8

Verksemda skal systematisk overvake og gå gjennom internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset.

Observasjonar

Kjennskap til regelverk som gjeld for drifta – punkt 1

Verksemda hadde ikkje tilstrekkeleg kjennskap til dei vilkåra som er sett for drifta i løyvet. Dette gjeld mellom anna: kva avfall som det er tillate å ta imot, krav om oppdatert luktrisikovurdering ved oppstart av drift ved anlegget og krav om eigenrapportering.

Kompetanse – punkt 2

Verksemda hadde ikkje sett seg inn i luktrettleiaren: «Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven», TA 3019/2013. Det er vist til denne rettleiaren i løyvet, og at denne rettleiaren skal følgast. For eksempel står det i rettleiaren at ein må etablere undertrykk i mottakshallar for organisk avfall og ha lukka portar. Det står vidare at det må vurderast alarm for å varsle dersom undertrykk fell under eit visst nivå. Renevo AS har fram til no ikkje hatt lukka portar ved mottak av avfall. Vi har her berre nemnt nokre eksempel på det Renevo AS må sette seg inn i. Renevo AS må gå systematisk gjennom TA 3019/2013 og oppdatere sitt internkontrollsystem etter den.



Verksemda har brukt konsulent ved mellom anna val av teknologi for reinsing av forureina luft, men har i liten grad gjennomført bedriftsbesøk for å innhente praktisk driftserfaring frå andre innanfor tema luktreinsing. Dette er kunnskap som er viktig for å vite noko om driftsstabilitet og erfaring med vedlikehald av utstyr. Ein vil også kunne hente erfaring med ulike typar reinseteknologi og korleis dei eventuelt kan kombinerast.

Risikovurdering og handlingsplan – punkt 6

Verksemda må lage ei luktrisikovurdering som er oppdatert.

Renevo AS har gjort ein del som kan vere med å danne grunnlag for å vurdere luktrisiko:

- Har faste luktrundar på anlegget kvar dag der lukt blir identifisert på ein skala frå 0 til 3.
- Har faste luktrundar i bustadområde i nærleiken kvar dag der lukt blir identifisert på ein skala frå 0 til 3.
- Har etablert nettside som naboar kan registrere klager på. Verksemda lagar statistikk på utviklinga i klager og plottar inn på kart kvar klagene kjem frå.
- Renevo AS drar også ut dersom det kjem luktklager.
- Har ført avvik som gjeld uhell og driftsavvik som har gitt luktutslepp.
- Har identifisert prosessar/stader på anlegget som har luktpotensial

Etter å ha sett seg inn i TA 3019/2013 må Renevo AS vurdere på nytt om alle luktande prosessar/stader er identifisert, eller om det er fleire som skal med på lista. Verksemda må også gjere ei ny oppdatert vurdering av dei punkta som vart identifisert som kritiske punkter med luktpotensial i den opphævelege luktrisikovurderinga som blei gjort før anlegget starta opp.

Når alle luktande element på anlegget er identifisert må verksemda lage ei revidert luktrisikovurdering slik at den samsvarer med anlegget slik det vart bygd og slik prosessane faktisk blir utført no.

I følge TA 3019/2013 skal ei luktrisikovurdering innehalde følgjande:

«En luktrisikovurdering skal beskrive luktpotensialet ved hver enkelt trinn ved den prosess og teknikk som benyttes. Den skal kartlegge luktgenereringen, spredningsforholdene og beregne/vurdere sannsynligheten for luktbelastning i omgivelsene, både ved normal drift og i situasjoner med betydelige luktutslipp/avvik fra normal drift.»

På grunnlag av luktrisikovurderinga må verksemda lage ein handlingsplan der det er tidfesta når punkta på handlingsplanen skal gjennomførast og kven som har ansvar for gjennomføringa. Punkt på handlingsplanen kan for eksempel vere innebygging av prosessar og nye rutinar for lukking av portar, etablering av undertrykk, rutine for kontroll av mottakshall og vurdering av behov for vask osv. Punkta på handlingsplanen må innarbeidast i internkontrolldokumentasjon (sjå punktet om rutiner under).

Handlingsplan må inkludere ein plan for korleis verksemda vil gå fram for å finne luktreinsingsteknologi som skal nyttast for dei luktande element som treng luktreinsing. Plassering og innebygging må og vurderast. Det må vurderast om ioneplasmaaløysinga reinsar tilstrekkeleg, og er driftssikkert nok til å fungere som einaste reinseløysing for hovudutsleppet.

Rutinar og avvikshandtering – punkt 7

Verksemda manglar enkelte skriftlege rutinar. Mellom anna manglar:

- Rutine for kva som skal reknast som avvik



- Rutine for mottak av avfall og operasjon av portar, etablering av undertrykk osv.
- Rutine for årleg eigenrapportering til Statsforvaltaren, jf vilkår 11.5 i løyvet.

Når lukkrisikovurderinga er gjennomført må verksemda gå gjennom driftsplan, lukthandteringsplan og kommunikasjonsplan og gjere ei oppdatering. Tilhøyrande rutiner/prosedyrer til desse dokumenta må også oppdaterast. Verksemda må også som nemnt over lage nye rutiner der risikovurderinga viser at det er behov for det.

Overvaking og oppdatering – punkt 8

I og med at verksemda ikkje var klar over alle krav som er sett til verksemda i løyvet, kan det til no ikkje ha blitt gjort ei overordna gjennomgang/samsvarsvurdering. Verksemda må etablere rutine for slik gjennomgang. Verksemda må også ha ei rutine for gjennomgang av internkontrollen og korleis den fungerer inkludert vurdering av behov for oppdatering. Gjennomgang som nemnt her må involvere leiinga i verksemda.

Avvik 3: Verksemda har teke imot avfall som ikkje er i tråd med løyvet.

Avvik frå: Løyvet av 30. august 2019 vilkår 1.1.

Kommentarar til regelverket

Desse avfallstypene er omfatta av løyvet:

Type avfall/substrat til reaktorer	Maksimal lagringsmengde (tonn/m ³)	Maksimal lagringstid	Aktivitet
Fiskeslam	500		Mottak og behandling
Fiskerens	500		
Ensilert død fisk	4 000		
Husdyrgjødsel	17 000		
Biorest	1 000	6 månader	Lagring på tanker

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet.

Observasjonar

Verksemda har teke imot avfall som det ikkje er opna for i løyvet.

Verksemda tek i dag imot fiskeensilasje, husdyrgjødsel, matavfall frå storhushaldning og kraftfor (som ikkje tilfredsstiller kvalitetskrav for bruk).

Dersom verksemda ynskjer å fortsette å ta imot matavfall frå storhushaldning og kraftfor må Renevo AS søke om å endre løyvet på dette punktet. Dersom det er andre avfallsfraksjonar i tillegg til dette ein også ynskjer å ta imot i nær framtid bør desse også inkludertast i søknaden. Viktige vurderingskriterier for Statsforvaltaren blir luktpotensialet til avfallet, lagringsmåte, korleis biogassprosessen vil bli påverka osv. Det er ikkje aktuelt med auke i totalramma for mottak no.



8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemda etter forureiningslova av 30. august 2019 frå Statsforvaltaren.